



Raymond Kviste
Radøyvegen 1929
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9151 - 20/28737

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
20.05.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 441/7 Birkeland

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 441/7
Tiltakshavar: Ramond Kviste og Camille Louise Mikalsen

Alver kommune har den 07.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 06.05.2020 vart registrert lågt nivå, lekkasje og at det manglar dykk utløp i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Radøyvegen 1929, 5936 Manger. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 18.07.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Camille Louise Mikalsen
Raymond Kviste

Radøyvegen 1929
Radøyvegen 1929

5936 MANGER
5936 MANGER